

† KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 2 MAI 2009
34. ÅRGANG

TIL HIMLEN OPP FOR HERREN KRIST. HALLELUJA!
DÅ FULLFØRT VAR HANS VERK FOR VISST. HALLELUJA!

OG SOM VI SÅG HAN KVARV I SKY. HALLELUJA!
HAN HERLEG KOMA SKAL PÅ NY. HALLELUJA!

-LATINSK SALME FRÅ 1400-TALET

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkleger fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Anne Mari Persen
Jostein T. Reigstad, Tove Mostrøm Fjeldstad,
Frode Johnsen, Johannes Melve,
Wenche Fiskeseth

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Oddmund Vevle
Hosanger: Katja Litland
Hamre: Tove Klepsvik
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Johannes Melve

Kyrkjhelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 47 61 81 24
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Johannes Melve
Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy



Månaden mai er her med alle sine raude dagar på kalendaren. I kyrkleleg samanheng har vi Kristi himmelfartsdag, eller helgetorsdag den 21.mai i år, og ti dagar seinare følgjer pinse. Biletet på framsida har teke motivet sitt direkte frå Apostelgjerningane første kapittel, og viser Kristi himmelfart slik hendinga står omtala der. Vi ser at Jesus står på ei sky og vert teken opp, slik at lærersveinane og Maria ikkje lenger kan sjå han. To menn i kvite klede, som målaren har utstyrt med englevengjer, forklarar det som skjer. Vi ser korleis dei gestikulerer og fortel at Jesus først skal opp til himmelen, og så skal han koma att eingong på same måten.

Framstillinga er laga av den italienske målaren Giotto kring 1305. Biletet er ein freske, det vart laga direkte på veggen i Arena-kapellet i Padova medan murpussen framleis var våt. I bibelteksten som er utgangspunkt for motivet står apostlane nemnde med namn, og det står at Maria var saman med dei i Jerusalem. Dei heilage som vi ellers ser på biletet i høgd med Jesus-figuren og som er vitne til hendinga, er Giotto si tilføyning.

Tel ein etter, fins det berre elleve lærersveinar på biletet. I dei førti dagane mellom påske og Kristi himmelfartsdag var talet slik. Judas vart etter denne hendinga erstattat av Mattias, slik at flokken igjen var tolv då det vart pinse.

- Kristoffer Foldøy

17. MAI – NOKRE ORD TIL ETTERTANKE

ved Helge Hitland

Enno ein gong får vi feire vår nasjonaldag. Vi får synge våre nasjonalsongar og kan glede oss over fridom og fred i landet vårt. Men dette er ingen selvfølge.

Mange får dagleg oppleve krig på kroppen. Gjennom TV får vi grusomme bilder av krig og tortur. Voksne og barn blir meia ned. Vi ser dei såra, skamfarne og utarma. Vi ser redsel og fortviling i augene deira. Men når disse sterke bildene inn til oss? Eller ”tåler vi så inderlig vel, den urett som ikke rammer oss selv”?

I diktet «Til ungdommen» seier Nordal Grieg: «Skaper vi menneskeverd, skaper vi fred». Kanskje nøkkelen for alt fredskapande arbeid? Eit sterkt engasjement for menneskeverdet i kvardagen, er kanskje det beste bidrag til fred.

«Salige er dei som skapar fred, dei skal kallast Guds born», seier Jesus i bergpreika.

Kva betyr Jesu ord for oss som land og folk i dag?

Det nye med kristendommen var eit heilt nytt syn på mennesket. For Gud er vi alle unike og alle menneske like verdifulle! Han gir oss verdi etter kva vi er og ikkje etter kva vi presterer. Det kristne synet på menneske og vår store verdi er for meg ein dyrebar skatt.

Spørsmålet er: Kva vil vi gjere med dette arvesølvet? Vil vi bare blankpusse det på store dagar? Eller skal dette få vere med å prege vårt liv i kvardagen?

Siste tida har vore ein verdikamp. Kristne verdiar er blitt devaluert. Det er nok å nemne den nye ekteskapslova og KRL-faget som er blitt til RLE. K èn er tatt bort og kristendommen får mindre plass. Ei stor endring av faget, ikkje berre ei symbolsk endring. Det er klart vi skal ta omsyn til at vi er blitt eit fleirkulturelt samfunn, men er det rett at vi skal redusere kristendommen sin plass?

Den har forma vår kultur og vårt samfunn i tusen år! Korleis skal dette arvesølvet få prege vår kultur og vårt kvardagsliv i komande generasjonar?

Kristne verdiar er blitt formidla til nye generasjonar. I kyrkja, skulen og i heimane. Frå foreldre til barn- men kanskje like ofte frå besteforeldre til barnebarn. Mykje er sådd opp gjennom tidene. Vil vi la oss utfordre til å vere aktive formidlarar av kristne verdiar?

Meistaren spør etter meir enn toleranse. Han vil ha brennande hjarto og engasjement.

Vår historie handlar jo nettopp om dei som våga og vann. Om eldsjelene som let seg tenne og brenne for ei sak. Dei sette andre ting til sides for å kjempe for det dei trudde på. Og dei fekk andre med seg.

«Kjemp for alt som du har kjært, dø om så det gjelder». Kanskje meir idealistisk enn realistisk? Det er jammen mykje å kjempe for i dag. Ein har sagt: «Det einaste som går av seg sjøl er forfallet - også det moralske forfallet». Er det ikkje menneske med engasjement som har levert oss den dyrebare skatten? Vil vi la oss utfordre til å stige ned frå tribunen inn i aktiv kamp for det vi trur på? Men det høyrer også med at kyrkja sine folk ikkje alltid har vore gode formidlarar av den kristne trua. Det var ikkje alltid milde ord om Kristi kjærleik vi formidla. Ikkje alltid gav det som blei sagt nytt mot og ny start. Vi treng at Gud ser i nåde til oss.

Likevel- vi treng reflektere over: Kva plass skal kristendommen ha i folk og land framover? Kva vil eg bidra med?

*Tidi ho renn som elv mot os, fort skifter sumar med vetter.
Fader ver alltid Noregs los radt til dei seinaste ætter.*

*Herre, vår Gud, vårt Noregs Gud,
vara vårt land frå fjell til flud,
lær oss å gå dine vegar!*



Illustrasjonsfoto (NRK)

BIBELDAGEN 2009

Søndag 8. februar var bibeldagen dette året. Denne søndagen ber og namnet såmannssøndagen. I kyrkjene var det gudsteneste i Haus og Hamre. Teksten var henta frå Lukas 8,4-15 der Jesus fortel såmannslikninga. På gudstenestene fekk elleveåringane utdelt Godt nytt. Det er Det nye testamentet for born og ungdom. Dessverre var det få frå aldersgruppa som møtte opp og fekk boka som er eit ledd i dåpsopplæringa.

Tekst: Hild Breivik

Om ettermiddagen var det eit fellesmøte mellom Osterøy pinsemenighet Sion og kyrkjelydane på Osterøy.. Her deltok begge prestane våre, Johannes Melve og Inge Sørheim. Sistnemnde orienterte om bibelprosjektet 2009. I år går pengane til biblar i Russland.

Jon Herland leia møtet og kommenterte at i vår tid er Bibelen på veg inn i den russiske skulen, medan han mange stader ikkje får lov å bli delt ut i norske skular. Det er eit paradoks når ein veit at Sovjetunionen var ein ateistisk stat frå 1917 til 1991. Vårt land som har kalla seg kristent sidan 1000-talet, er altså negative til å ta imot biblar i skulen.

Hovudtalaren var Torolf Karlsen som har vore misjonær i Aust- Afrika i ei årrekke. Han heldt ei interessant inføring i korleis Bibelen er blitt til over 1600 år. Han orienterte om ulike bøker i Bibelen og kven som hadde skrive dei. I talen kom han også inn på kor tid mange av tekstane blei nedskrivne. I den samanhengen kommenterte han kritikken som har vore sett fram mot at det gjekk mange år frå hendingane (i evangelia) fann stad til dei blei ført i pennen. Karlsen samanlikna med romersk historie og sa at avstanden mellom hending og nedteikning der var svært mykje større enn i dei bibelske skriftene.



Hovudtalar Torolf Karlsen

I det heile handla talen til Torolf Karlsen om Bibelen. Han poengterte at ikkje noko anna bok (som grunnlag for religion) har profetiar slik som Bibelen har. I den samanheng hevda han også at profetane i det gamle testamente hadde fleire oppgåver. Det kom med profetiar om blant anna Messias, men var også opptatt av samtidia dei levde i. Dei over 40 skribentane i Bibelen hadde svært ulike utgangspunkt når det galdt yrke og status i samfunnet, alt frå kong Salomo til Amos som var hyrde og Peter som var fiskar.


Bøkene i Bibelen blei skrivne på mange stader. Moses skreiv i øydemarka, Paulus skreiv sine brev frå fengsla og Johannes medan han var bortvist til øya Patmos. Bibelen vart nedskrivne på tre ulike kontinent: Asia, Afrika og Europa, og på tre språk: hebraisk, arameisk og gresk. Torolf Karlsen la vekt på at Bibelen ikkje er eit produkt av mennesketankar, men inspirert av Gud.

Bibeldagen i Sion samla mykje folk frå begge kyrjessamfunna våre. Det kom inn mellom fem og seks tusen kroner som skal gå til russiske biblar.

Osterøy kyrkjekor med dirigent Liv Skoglund framførte nokre salmar som passa til dagens tekst. Det er her verdt å nemna ”Salige” der teksten seier ”Salige er de som hører Guds ord og det bevarer”. Liv Skoglund akkompagnerte elles fellessongane.

Til slutt fekk møtelyden prata i lag og forsyna seg frå eit bugnande kakebord.

LYS OG HÅP – SMERTE OG DØD



Broderikunstnar Anne Landsverk har laga nye kyrkjekstilar i fiolett serie til Gjerstad kyrkje. Ho tykkjer dei fiolette kleda er spesielt utfordrande å gå i gang med. Dei skal både representera vona i adventstida, og lidinga i fasten.

Tekst & foto: Kristoffer Foldøy

Under gudstenesta i Gjerstad kyrkje palmesøndag leverte kunstnaren arbeidet sitt frå seg for bruk i kyrkja. Tidegare har ho laga grøn serie til Gjerstad, og nyleg også grøne kyrkjekstilar til Bruvik.

Å få den fiolette grunnfargen til å passa inn med fargar på inventar og arkitektur i kyrkjerommet i Gjerstad kyrkje var ei stor utfording, spesielt sidan det rust-raude alteret er så dominerande. Anne bestemte seg derfor til å halda seg i ein violett-tone som tenderte mot det blå.

På ryggen til messehakelen er Y-krossen applikert med mørk fiolett fløyel. Vi ser ei liggjande tornekrona i sølvbroderi som mest gjev ei relief-inntrykk. I kontrast til dette symbolet på Jesu liding, har ho brodert ein strålekrans med gul silketråd. Strålane symboliserer Guds kraft som omgjev oss med lys og håp.

Forsida av messehakelen har eit samansett hovudmotiv. Fire naglar smeltar saman til ei stjerne, samstundes som symbolet også lagar den greske krossen med fire like



armar. Dei spisse sølvnaglane viser til lidinga og er eit faste-symbol, medan stjerne og gresk kross viser til adventstida.

Preikestolkledet ber eit Jesusgram i sølvbroderi. Bokstavene I H og S slyngar seg saman. Ved å nytta sølvnaglar i utforminga, viser kunstnaren her også til Jesu liding. På lesepultkledet, som skal harmonera med kledet på preikestolen, er det eit treeiningsymbol: Tre ringar slyngar seg saman. Ringen er eit gammalt symbol på æva. Tre ringar vert då til den evige treeining.

Fargebruken er sjølvsagt heller ikkje tilfeldig. Medan sølvet på tornekrona og naglar står for liding og smerte, representerer det gule lys og glede. Det er denne kombinasjonen Anne Landsverk prøver å målbæra i arbeidet sitt.

- Aller helst skulle jo kyrkjene hatt ein serie for advent og ein annan for fastetida. Det hadde jo gjort arbeidet med symbol- og fargebruk lettare, seier kunsthåndverkaren med ein liten lått. Men Per Lønning understreka eingong for meg at dette tosidige uttrykket skal kyrkja leva med. Det kan kanskje virka sjølvmotseiande: Smerte, glede, lys og død på same tid. Men slik skal det vera.

Ho vil også gjerne framheva det gode samarbeidet gjennom fleire år med Erna Lone frå Gjerstad sokneråd.



Anne Landsverk og Erna Lone viser ryggsida på messehakkelen.



Motivet på fronten.

Kyrkjehistorisk reisetips: DER PAVEN SAMLA KOLLEKTEN FRÅ NORDHORDLAND



Byen Avignon sør i Frankrike er ein hyggjeleg stad å vera. Spesielt i juli månad, når heile byen er prega av ein internasjonal teaterfestival. Hovudgrunnen min for besøket var å sjå det ruvande pavepalasset. I 1327 blei det samla inn pengar til bygginga, også frå Osterøy. Det kunne vera interessant å sjå kva som kom ut av det.

Tekst og foto: Kristoffer Foldøy

Sjølv om pavane berre hadde tilhald i Avignon om lag i sytti år på 1300-talet, har dei verkeleg sett spor etter seg der. Det heile starta med Clemens 5., som blei pave i 1305. Han var tidlegare erkebiskop i Bordeaux og god ven med den franske kongen. Derfor valde han å slå seg ned i dominikanerklosteret i Avignon, og slik koma bort frå strid i Roma. "Det babylonske fangenskapet" som perioden seinare blei kalla, vart svært fransk – kontrollert politisk og økonomisk. Sju pavar styrtte den katolske kyrkja frå Avignon i denne perioden.

Ein av desse, Johannes 22, har ein pussig link til våre nærområder.

Valget av pave i 1314 tok svært lang tid. Johannes 22. var eit kompromiss, den gamle energiske franske akademikaren på 72 år var ein stribukk som ein nok tenkte kunne ordna opp i kyrkja sine finansar. Men at han vart sitjande som pave i 18 år hadde dei som innsette han nok ikkje rekna med. For å få ein anelse om kva slags person dette var, kan ein lesa prologen til Umberto Eco sin roman "Rosens navn": Han var ein


såkalla realpolitikar som brukte alle middel for å nå sine mål. Det var i perioden hans at tempelriddarane vart skulda for dei verste forbrytelsar, og eigedommane deira blei konfiskerte. Vidare tok han eit oppgjer med fransiskanarane, som påstod at dersom Jesus og apostlane hadde eigm noko, måtte det berre ha vore som *usus faci*, til dagleg bruk. Slike tankar passa därleg med at Guds statthaldar på jorda pynta seg i gull og edle steinar og bygde seg eit palass i Avignon. Johannes 22. fordømde derfor fransiskanarpåstanden som vranglære, og det kom til rettsaker der fransiskanarmunkar blei brende på bålet. Denne mannen hadde sett seg som mål å ordna opp i kyrkja sine finansar med same metodar som ein grisk konge i samtidia ville gjort det. Johannes 22. kom på den glupe ideen at han ville samla inn ein seksårsskatt som han kalla *Passagium Terrae Sancte*, altså pengar til ei krossferd til det heilage landet. Sanninga var at mesteparten av desse pengane gjekk med til utviding og oppussing av pavepalasset i Avignon. Det var kanskje like greit, no kan eg som besökande glede meg over å gå gjennom den største gotiske byggmassen i verda der diktaren Giovanni Boccaccio og målaren Simone Martini i periodar hadde opphold på 1300 – talet.

Pave Johannes 22. sende pengeinnsamlarane sine langt av stad, også til Hordaland. Vi veit faktisk ganske mykje om det, for innsamlaren som kom hit første dagbok, og den kan ein få utskrift frå om ein vender seg til "Archivo Segreto Vaticano", det hemmelege Vatikanarkivet som ikkje er så hemmeleg lenger. Dessutan har vi dokument frå det norske området om innsamlinga, mellom anna

frå biskop Audfinn i Bergen som informerer *Sira Petre a Hamre* at paven har hatt stor kostnad i kampen for å halda oppen den heilage kyrkja: *Herra Pavenn hefir margtaldan kostnad...at veria heilaga kirkiu.*

14.september 1326 drog pengeinnkrevarane på hesteryggen ut den nordlege byporten i Avignon, under leiing av Bernhard de Ortis. Med seg i følget hadde han ein geistleg, Johannes de Seronnes, riddaren Bertrand de Sueroliis, to pengevekslarar frå Montpellier og nokre andre hjelpesmenn, antageleg sju tilsaman. Dei rei først oppover Rhone- dalen og vidare til Brugge, der hestane vart selde. Deretter hadde det blitt båtskyss til Egersund før dei for til austover. Det var Oslo og Hamar bispedøme som fekk først besøk. Så stod Nidaros for tur. Bernhard si dagbok gjev nøyne greie for innsamla midlar og utgifter dei har undervegs. Paven forlangte nok at reknskapen var i orden.

I mai månad 1327 kjem dei til Bergen. Her vert skatten frå Grønland betalt, *in dentibus de roardo*, i form av kvalrosstanner. Men i Nordhordland gjekk det tregt med innsamlinga. Bernhard de Ortis reiser ein tur til Stavanger for å henta tienden der, og sender ut noko som kan likna eit trusselbrev til dei som ikkje får ordna med betalinga.



Hovudinngangen er fyrsteleg. Pavane i Avignon levde ikkje akkurat spartansk. Utvendig ei borg, inne eit slott.

Då han kjem attende til Bergen, har herr Peter i Hamre samla inn noko, men i følge den pavelege utsendingen alt for lite. Mellom linjene i dei tørre dokumentnotata kan ein kanskje ana ein viss motvilje frå det lokale presteskapet mot desse framandkarane sørfrå og oppdraget deira. Men alvorlege følgjer får det ikkje. Utsendingane tek med seg det dei får og reiser vidare frå Bergen med båt, for dei er redde for *latrones*, landevegsrøvarar, går det fram av dagboka.

Historia om den første pavelege innsamlingsaksjonen i Norden er eit fint bakteppe når ein går gjennom romma i det pavelege Avignon – palasset. Her får vi sjå luker i golvet til krypter der dei innsamla skattane blei oppbevarte. Mellom desse var mynt frå Osterøy, pengar som kanskje hadde kvilt på kistebotn her heime men som motvillig måtte plukkast fram etter paveleg pålegg. For oss kan det vera moro å tenkja på at delar av det vakre gotiske murarbeidet, eller kanskje til og med fresker av italienske kunstnarar er betalt av fattige strilabønder.

Og så var det bra at pengane ikkje gjekk med til ei ny krossferd, slik paven hadde sagt. No står det i alle fall noko att etter midlane, som er vel verdt å sjå..



Riddarturnering for turistar i sør – Frankrike sommaren 2007. Det pavelege folget inkluderte ein riddar, og må ha vore ei fargerik forsamling.

HAUS KYRKJELAG ER LAGT NED – NYTT LAG ER I EMNING

Haus Kyrkjelag, som har eksistert sidan 1970-talet, vart lagt ned samrøystes 25.februar 2009. Kyrkjelaget har gjort ein storinnsats gjennom mange år. Siste åra har arbeidet i det vesentlege vore knytta til å ferdigstilla Kyrkjelydshuset. No er det målet på det nærmeste nådd.

Tekst: Kjell Bjørsvik

Store utfordringar

Men Haus sokn står framfor fleire økonomiske utfordringar i åra som kjem. Huset skal haldast ved like. I samband med minnesamvær og andre tilstellingar er det registrert ynskje om å få installert teleslyge. Andre har nemnt behovet for videokanon både i konfirmantarbeidet og elles, og litt meir høgtalarutstyr. Frå tid til annan trengs det også fornying av inventar og utstyr både til kjøkkenavdelinga og elles.

I tillegg til det som gjeld Kyrkjelydshuset er det behov for økonomisk stønad til ulike arbeidsgreiner som søndagsskule, dåpsskule, konfirmantarbeid med meir.

Gjennom utleige av Kyrkjelydshuset kjem det årleg inn rundt 20 000 kr. Dette hjelper godt på, men er langt frå nok til å sikra ei god drift. Utgiftene blir elles haldne nede mellom anna ved omfattande dugnadsinnsats innan reinhald, kjøkkentereneste og vaktmeisterarbeid.

Initiativgruppe

Etter at nedlegginga av Haus kyrkjelag var eit faktum, har ein del einskildpersonar i Haus sokn teke initiativ til å få på beina eit nytt lag som kan yta økonomisk hjelp til slike føremål som er nemnde ovanfor, og til oppgåver som måtte meldা seg etter kvart.

Gruppa består av fylgjande personar: (i alfabetisk rekkefylge)

**Kjell Bjørsvik, Madli Hannisdal,
Gunn Karin Hansen, Frode Johnsen, Inger Lygre,
Nils Lygre, Borghild Melve,
Sigrid Synnøve Mjelde og Sylvelin Torp.**

Desse ynskjer å dra i gang eit nytt lag der alle innan Haus sokn er hjarteg velkomne til å ta del. Det er bruk for folk som kan laga eller skaffa basar, gevinstar, hjelpe til med ymse arbeidsoppgåver og slutta opp om tilstellingar. Direkte pengegåver til ulike formål blir også mottekne med takk.

Kva laget skal heita er ikkje bestemt enno, men initiativgruppa har gått inn for at det til hausten skal innkallast til konstituerande møte for å vedta namn og reglar for laget. Så må det haldast val på eit styre til å leia arbeidet vidare framover.

Basar til hausten

Gruppa har også vedteke at det til hausten skal haldast basar. Dei som kan hjelpe til med gevinstar, må gjerne ta kontakt med ein av dei som er med i initiativgruppa.



KYRKJEVERJA INFORMERER

SLÅTTEN SUMAREN 2009

Våren er her og sumaren er rett rundt hjørnet. Med dette følgjer for oss utfordringane på kyrkjegardane for å halde desse i så god stand som mogeleg. Kyrkjeleg fellesråd har som mål at vi skal ha velstelte og vakre kyrkjegardar, slik at dette kan vera gode plassar for pårørande å minne sine avlidne slektingar.

Sjølv om vi har høge mål for kyrkjegardane, slit kyrkjeleg fellesråd med därleg økonomi. Dette gjer seg m.a utslag i lite tilfredstillande vedlikehald av kyrkjene og kyrkjegardane.

Når det gjeld slåtten sumaren 2009, er det i budsjettet for Kyrkjeleg fellesråd sett av kr.25.000 i tillegg til den innsats som gravaren normalt gjer med slåtten. Den innsatsen gravaren gjer med slåtten er avhengig av andre prioriterte gjeremål. Summen på kr. 25.000 er ikkje nok for å halde same standard som for sumaren 2008. Dette betyr at vi må planleggje slik at det ikkje vert slått fullt så ofte som sist sumar.

Blir det lite tilfredsstillande, kan kyrkjeverja kontaktast på tlf. 56192272 / 90362360.

Kyrkjegardane på Hosanger og Hamre er det tilrette-lagde for kompost. Det hadde vore til svært god hjelp om komposthaug og oppsette containarar frå BIR. vert nytta.

Kyrkjeleg fellesråd håper at brukarane våre har forståing for den situasjonen vi er komne i, men vi skal gjere det beste vi kan med dei ressursar vi har til rådvelde. Vi vonar at vi saman kan gjere det beste for at kyrkjegardane på Osterøy skal vere ryddige og vel-stelte.

PRISAR PÅ TENESTER UTFØRT AV OSTERØY KYRKJELEG FELLESRÅD

Desse satsane gjeld frå og med 01.02.2009, vedteke i møte i Osterøy kyrkjeleg fellesråd 03.02.2009.

1. Gravferdsavgifter

1.1 Montering av nytt gravminne:	Kr. 1100
1.2 Justering av gravminne:	Kr. 900
1.3 Oppretning med bolting:	Kr. 800
1.4 Feste av grav pr. år utover festetida:	Kr. 100
1.5 Festearvgift – barnegraver:	0
1.6 Festegrav – ektefellegrav:	Kr. 1800
1.7 Flytting av gravminne ved bruk av gammal grav: *	
1.8 Stell av grav:	Kr. 950

Avgifter når avdøde var busett i andre kommunar

1.10 Ny kistegrav:	Kr. 7300
1.11 Ny urnegrav:	Kr. 3700
1.12 Bruk av gml.festegrav:	Kr. 5000
* Vert fastsett i kvart tilfelle	

2. Leige av kyrkjer

2.1 Konserter m.v., 10% av bill.inntekter, minimum:	Kr. 2000
2.2 Bryllaup. Innbyggjarar busett i andre kommunar:	Kr. 1600
2.3 Gravferdsseremoni, innbyggjarar busett i andre kommunar eller andre trussamfunn:	Kr. 2500
2.4 Omvisning Hamre kyrkje – pr. person:	Kr. 35

3. Anna

3.1 Dersom spesielt arbeid skal utførast på kyrkjegarden, vert det avtalt pris i forkant med kunden.
--



NMS GJENBRUK OPNA I KNARVIK

NMS Gjenbruk i regi av Det norske Misjonsselskap driv over 30 gjenbruksbutikkar, alle med frivillige medarbeidrar og med varer som blir gitt til butikken. NMS Gjenbruk i Knarvik er butikk nr.32 og lokala ligg sentralt i Hauglandsbyget der Trygdekontoret har vore, rett over Hagesenteret til Søderstrøm. Nedslagsfeltet for butikken er Nordhordlandskommunane, Osterøy og området nær Nordhordlandsbrua på Bergenssida.

Lokalet er på vel 80 kvartratmeter med inngang på gateplan og parkeringsplass i næleiken. Butikken vart offisielt opna 19.mars av ordføraren i Lindås, Astrid Aarhus Byrknes. Omsetjinga så langt har gått over alle forventningar. Opningstidene er som for butikkane elles i området.

Butikken skal og vera ein møteplass for dei som kjem innom, det vere seg misjonsvener, folk som er interessert i gjennbruk og andre. Der skal ein kunna prata saman over ein kopp kaffi.

Saman med interimsstyret, var det mange ivrige som

arbeidde med å få klargjort lokalet til opninga. I tillegg til dagnadsgjengen som gjorde lokalet klart, var det medarbeidrarar til å stå i butikken og gjera ymse andre oppgåver. Til alt dette har det meldt seg frivillige, både menn og kvinner. Me håpar at personar som likar å ha med mennesker å gjera, er interesserte i misjons- og bistandsarbeid og i å ta vare på miljøet, kan tenkja seg å ta kontakt. Erfaring frå dei andre over 30 NMS Gjenbruk er at dette er eit gjevande frivillig arbeid. Skal det bli butikk, trengst det varer. Då dette er ein gjenbruksbutikk, seier det seg sjølv at det må vera brukt, men **varene må vera heile og salgbare**. Me tar alt no imot varer.

Ta gjerne kontakt med:

Hilda Austegard, tlf: 56178421

E-post: hilda.austegard@hotmail.com

Olaug Furnes, tlf: 56350151/4147828

E-post: olfurnes@start.no

Varer kan leverast i butikken.

SOMMERLEIR PÅ WALLEMONTUNET!



Vet du hva du skal gjøre i sommer? Ikke det, nei. Men da kan du begynne å planlegge allerede nå. Herved er du invitert til årets sommerleirer på Wallemontunet. Disse leirene er svært populære, og mange kommer tilbake år etter år. Vi samler barn mellom 7 og 15 år fra hele fylket til mye lek og moro. Fjellturer, fotball, sporløp og spennende kubbespillkamper og bibeltimer er bare noen av aktivitetene.

Å reise på leir er spennende. Man treffer gamle og nye venner, finner på mye moro sammen, og opplever mye sosialt og åndelig gjennom ulike samvær og bibeltimer.

Vi vet at sommerleirene på Wallemontunet for mange er et av årets store høydepunkter. Leirstedet vårt ligger i flotte naturomgivelser på Kvamskogen.

Søndagsskolen Bergen krets

Olav Bjordalsvei 43 - 5111 Breistein

I år blir det lagt opp til tre leirer:

Leir 1: 26. - 30.juni 12-15 år

Leir 2: 30.juni – 3.juli 9-12 år

Leir 3: 3.-5.juli 7-10 år

Det kan være lurt å melde seg på tidlig, for det kan bli stor pågang. Ta kontakt med Bergens Søndagsskolekrets på tlf. 55530120, eller send en e-post til bergen@sondagsskole.no

Så sees vi i sommer?

Med vennlig hilsen
Søndagsskolen Bergen krets.

KONFIRMANTAR VÅREN 2009

GJERSTAD SØNDAG 10. MAI 2009

Gudsteneste kl 10.00

Ardian Laci
Bjarte Vik Larsen
Edvard Skeidsvoll
Henning Rød
Jon Anders Kleppe
Oddvin Hannisdal Hagen
Stig Andreas Langeland
Thomas Solberg Tysse
Tommy Kallestad
Marius Nese Langeland
Mathias Riple
Morten Lone Kallekleiv

Gudsteneste kl 12.00

Christina Emilie Svenheim
Christoffer Gjerstad Sjursen
Geir Olav Lone
Henriette Antun Hopsdal
Jørjan Jakobsen
Karoline Ludvigsen Lillejord
Kristian Hansen Bruvik
Kristina Hagebø
Renate Melchersen Vevle
Robert Dyvik
Solveig Mjelde
Steffen Vevle Lone
Tore Børteit Rosnes
Jørgen Vevle

HAUS SØNDAG 3. MAI 2009

Gudsteneste kl 11.00

Alexander Thunestvedt
Andre Skår Bernes
Benjamin Mjelde Litland
Birte Hetlevik
Helen Myksvoll Fosmark
Ingrid Bøe Myking
Joakim Joon Rød
Lars Inge Tørp
Maria Mjelde
Markus Loftås
Martin Borge
Ole Mjelde Veseth
Rebekka Rambjør
Ruben Vatle Hernar
Per Marcus Pedersen
Reynaldo Andres Fossheim Galaz
Sandra Ådland
Sara Nonås Langhelle
Steffen Skaftun Børteit
Trond Rivenes Lone
Trygve Feidje Mjelde
Vebjørn Borge

BRUVIK SØNDAG 26. APRIL 2009

Gudsteneste kl 11.00

Christian Nøttveit Seilen
Margrethe Bruvik
Stian Hansen Svåsand
Susanne Hansen Svåsand
Thomas Berentsen Vassdal
Yvonne Bruvik Hauge

HAMRE SØNDAG 3. MAI 2009

Gudsteneste kl. 12.00

Gøran Mjelstad Bernes
Lars Fredrik Birkaas
Robert Bleikli
Karoline Harstad Bognøy
Jonas Neu Eriksen
Stina Selstø Greve
Solveig Sophie Hagenes
Matilde Jacobsen
Camilla Tveiten Johansen
Kristin Kleppe
Aleksander Aase Kleveland
Espen Mosevoll
Sandra Mosevoll
Hege Kallekleiv Nilsen
Are Rolland Raknes
Magnus Bru Reigstad
Ingvild Revheim
Per-Christian Helland Rundhovde
Carina Kaland Stammes
Malin Strømsnes Vik
Hiwot Yengela Windt

HOSANGER SØNDAG 26. APRIL 2009

Gudsteneste kl. 12.00

Karina Balestrand
Stig Bernes
Henrik Drangevåg
Brit Elise Geitrheim
Håvard Tysse Hanstvedt
Amanda Helle
Adrian Hanstveit Hjellvik
Tommy Aleksander Buene Kvarven
Veronica Tvedt Lavik
Sondre Elvik Litland
Kjetil Andre Suleng Moen
Sirianna Solberg
Marlene Tysse



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

MAI

3. s. e. påske, 3. mai 2009: Joh 16,16-22 Jes 43,16-19; Hebr 13,12-16

Haus kl. 11: Konfirmasjon. Melve og kateket Gro Eman.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl. 11: Konfirmasjon. Sørheim.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

4. s. e. påske, 10. mai 2009: Joh 16,5-15 Esek 36,26-28; Jak 1,17-21

Gjerstad kl. 10: Konfirmasjon. Melve og kateket Gro Eman.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl. 12: Konfirmasjon. Melve og kateket Gro Eman.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

5. s. e. påske, 17. mai 2009: * Jer 29,11-14a Ef 3,14-21; Joh 16,23b-28

Hamre kl. 10: Festgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til Kirkens bymisjon Bergen.

Gjerstad kl. 10: Festgudsteneste. Melve.
Takkoffer til Kyrkjas SOS.

Bruvik kl. 11: Festgudsteneste. Gudstenesteleiar Alf R. Kallestein. Takkoffer til Redd Barna.

Hosanger kl. 12: Festgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til Kirkens bymisjon Bergen.

Haus kl. 12: Festgudsteneste. Melve.
Takkoffer til Kirkens bymisjon Bergen.

Heklgetorsdag (Kristi himmelfart), 21. mai 2009: Luk 24,46-53 Dan 7,13-14; Apg 2,32-36

Raknestunet kl. 11: Familiegudsteneste.
Sumaravslutning for sundagsskulane.
Sørheim. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag.

6. s. e. påske, 24. mai 2009:

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til Samemisjonen.

Pinsedag, 31. mai 2009: Joh 14,23-29 1 Mos 11,1-9; Apg 2,1-11

Haus kl. 11: Høgtidsgudsteneste.
Pastor Nils Arne Lavik.
Takkoffer til Bergen Såndagsskulekrins.

Hosanger kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til Normisjon.

JUNI

Andre pinsedag, 1. juni 2009: Joh 3,16-21 Jes 44,2-6; Apg 10,42-48a

Hamre kl. 11: Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd.
Sørheim. Fellesgudsteneste for alle sokna på Osterøy. Osterøy kyrkjekor.
Takkoffer til KIA Kristent interkulturelt arbeid, som deltek. Kyrkjekaffi.

Treeiningssundag, 7. juni 2009: Joh 3,1-15 5 Mos 6,4-7;

Rom 11,33-36

Bruvik kl. 11: Høgmesse. Johannes Melve.
Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl. 16: Familiegudsteneste. Melve.
Takkoffer til IKO. Utdeling av bok til 6-åringane. Kyrkjekaffi.

2. s. e. pinse, 14. juni 2009: Luk 16,19-31 5 Mos 15,7-8.10-11; 1 Joh 3,13-18

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Sørheim. Dåp.
Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

3. s. e. pinse, 21. juni 2009: Luk 14,16-24 Jes 25,6-7; Åp 19,5-9

Haus kl. 11: Høgmesse. Melve. Nattverd.
Takkoffer til arbeidet blant barn i kyrkjelyden. Fest i prestegardshagen etterpå.

Hamre kl. 11: Høgmesse. Monsen. Nattverd.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

4. s. e. pinse, 28. juni 2009: Luk 15,1-10 Mi 7,18-19; Ef 2,1-10

Gjerstad kl. 11: Høgmesse. Prost Helge Hitland.
Nattverd. Takkoffer til Radio Osterøy.

JULI

5. s. e. pinse, 5. juli 2009: * Jak 4,11-12 1 Mos 4,8-15; Matt 7,1-5

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Melve. Nattverd.

6. s. e. pinse (Aposteldagen), 12. juli 2009: Luk 5,1-11 1 Mos 12,1-4a; 1 Tim 1,12-17

Hamre kl. 11: Høgmesse. Melve. Nattverd.

Vassdal/Bruvik kveld: Gudsteneste. Melve.

KYRKJESTATISTIKK 2008

TENESTER	BRUVIK	HAUS	GJERSTAD	HAMRE	HOSANGER
GUDSTENESTER	14 (13)	27 (24)	27 (32)	27 (27)	22 (24)
TAL TIL STADES	1010 (529)	2421 (2785)	3481 (4060)	3029 (4077)	2044 (2128)
NATTV.GJESTER	76 (72)	562 (462)	688 (536)	527 (639)	290 (260)
DØYPTE	2 (0)	10 (22)	20 (21)	29 (30)	6 (12)
VIGDE	1 (0)	3 (0)	3 (4)	5 (5)	8 (0)
KONFIRMERTE	6 (1)	13 (13)	36 (18)	27 (36)	26 (20)
INNMELDE	0 (0)	0 (0)	0 (0)	6 (2)	1 (0)
UTMELDE	0 (0)	3 (0)	4 (4)	0 (5)	5 (0)
JORDFESTA	3 (4)	12 (9)	21 (11)	14 (14)	18 (13)
KREMASJON	1 (1)	3 (0)	0 (0)	1 (1)	2 (0)
OFRINGAR	Kr. 15414	Kr. 60079	Kr. 75903	Kr. 62406	Kr. 45088

TOTALT FOR PRESTEGJELDET

GUDSTENESTER	117	(120)
TAL TIL STADES	11985	(13579)
NATTV.GJESTER	2143	(1969)
DØYPTE	67	(85)
VIGDE	20	(9)
KONFIRMERTE	108	(88)
INNMELDE	7	(2)
UTMELDE	12	(9)
AVLIDNE	75	(53)
OFRINGAR	258890	(311634)

Tala i parentes er 2007.

I parentestal for 2007 er skulegudstenester inklusiv. Det gjeld ikkje 2008 – tala.

Tala vil naturleg nok skifte noko frå år til år, men dette er likevel om lag som vanleg på Osterøy. Det er litt uvisse knytt til frammøttetal for Hamre kyrkje. Det som er klårt er at 2007-talet for frammøte i Hamre kyrkje var extremt høgt. Litt i overkant av 3000 frammøtte er det gjenomsnittlege talet for Hamre.

At frammøttetalet i Bruvik har auka med nesten 100% har vi ikkje noko god forklåring på. Mengd gudstenester har berre auka med ei gudsteneste frå 2007 til 2008.

Tekst: Helge Kolstad



Slekters gang

HAUS

Døypte:

22.03.09 Miriam Tveiterås (Busett Bergen)

22.03.09 Celina Hauge Aarbakke

19.04.09 Marlén Hernar Standal

19.04.09 Thea Bøe

Gravlagde:

17.04.09 Erling Aasheim (f.1950) (Mjeldalen)

HOSANGER

Døypte:

01.02.09 Joakim Hersvik-Nærbø

01.02.09 Ronja Eidsheim Bernes

09.04.09 Kjetil Andre Suleng Moen

Vigde:

11.10.08 Berta Jorunn Vikesund og
Thor Førde Hatlehol (retting)

13.12.08 Anne Marthe Kaldestad og
Erlend Hanstveit (retting)

14.03.08 Ane Lisabet Litland og
Christian Marius Michelsen

Gravlagde:

07.04.09 Georg Gunnarskog (f. 1919)

21.04.09 Jorunn Solveig Sæle (f.1949)

BRUVIK

Gravlagde:

13.03.09 Kate Olsnes (f.1919)

11.03.09 Bjørn Arild Borch (f.1959) Bisett i Bergen.

HAMRE

Døypte:

23.11.08 Mathias Olsen Tysse

08.02.09 Saline Rønhovde

08.02.09 Marianne Hundven Slettemoen (Busett Åsane)

29.03.09 Andreas Tøsse (Busett Bergen)

29.03.09 Emil Heggøy

29.03.09 Kasper Birkeland

29.03.09 Elise Mæhle Hauge

Gravlagde:

04.03.09 Torbjørn Hammer (f.1918)
(Bisett, busett Bergen)

06.03.09 Berit Birkeland (f.1923) (Bisett, busett Bergen)

10.03.09 Gunnhild Alvilde Eikeland (f.1918)

17.03.09 Lars Eikeland (f.1938)

GJERSTAD

Døypte:

05.04.09 Benjamin Patrick Torp Bell

05.04.09 Amalie Bognøy Fotland

Gravlagde:

23.12.08 Maria Kristina Helle (f.1924)

03.03.09 Bjørn Lars Johannessen (f.1931)

Maria Njåstad (f.1908) 14.04. Leif Fossdal (f.1930)
(Busett Bergen)

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30



Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODETFOLKS TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

Fjord Slottet



HOTELL & BAD

www.fjordslottet.no | 5283 Fotlandsøvåg | Tlf: 56 39 50 90

Vevle Mekaniske Verkstad

Telefon: 56 39 26 75
Epost: a-bjnev@online.no
5282 Lonevåg

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

KONFIRMANTAR I BRUVIK 2009



Rekke 1: Margrethe Bruvik, kateket Gro Eman, prostiprest Rolf Eivind Monsen, Susanne Hansen Svåsand.

Rekke 2: Thomas Berentsen Vassdal, Christian Nottveit Seilen, Stian Hansen Svåsand, Yvonne Bruvik Hauge.

Foto: Fotograf Storebø

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300

SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

KANDIDATAR

Soknerådsvalet står for døra i dei fem sokna våre, for sjølv om det er lenge att til september, skal listene vera klare no i mai.

Kandidatar som svarar ja veks ikkje på tre, det er ei erfaring dei fleste val-nemnder gjer seg. I tillegg skal ein prøva å få omlag like mange kvinner som menn, unge som gamle, og attpåtil ei nokonlunde rett geografisk fordeling mellom dei ulike delane av soknet.

Denne gongen skal råda som tek over i haust berre sitja i to år. I framtida skal valet på nytt sokneråd følgja kommunevalet.

Vi ønskjer val-nemndene lukke til med arbeidet!

FRIST FOR STOFF TIL NESTE NUMMER:

10.06.09

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com